

Stillingsomtalar for Arbeidsutvalet i Studentparlamentet i Volda

Studentparlamentet er av og for studentane ved Høgskulen i Volda. Arbeidsutvalet (AU) og representantane i Studentparlamentet jobbar saman for eit aktivt studentdemokrati.

AU fylgjer Studentparlamentet sine styringsdokument, og arbeider for å oppfylle Studentparlamentet sitt mandat. AU førebur saker og utfører vedtak gjort av Studentparlamentet. AU sørgjer for at studentdemokratiet ved Høgskulen i Volda jobbar langsiktig for å ivareta studentane sine interesser.

AU har faste møter ein gong i veka. Medlemene i AU kan tildelast arbeidsoppgåver utover det som står i den enkelte si stillingsomtale, og avlastar kvarande ved behov. Medlemmane i AU prioriterer dette vervet framfor andre frivillige verv. AU sikrar god kontinuitet i studentdemokratiet, og sørgjer for at eit nytt studentparlament vert oppretta kvart studieår. Avtroppande AU-medlemmar utvekslar erfaringar med påtroppande AU-medlemmar, og er tilgjengelege i ein overlappsperiode på ein måned etter endt verv. Avtroppande AU-medlemmar deltek på opverlappsseminar med nytt AU så fremt dette blir gjennomført.

AU er også ansvarlege for styret i Fadderveka, og legg til rette for at fadderstyret har gode arbeidsforhold i førebuing og gjennomføring av Fadderveka. AU bidreg til rekruttering og utnemning av Fadderstyret, samt ei god evaluering av Fadderveka kvart år.

Verva i AU er honorerte etter fastsette satsar 11 mnd. i året (unnateke juli). Satsane for honorar er regulerte av Samarbeidsavtalen mellom Studentparlamentet og Høgskulen i Volda.

Verv i AU i Studentparlamentet:

- Leiar
 - Nestleiar – vald av Studentparlamentet blant medlemmane i AU
- Fagansvarleg
- Informasjonsansvarleg
- Velferdsansvarleg
- Internasjonalt ansvarleg

- *Ordstyrar til møta i Studentparlamentet – er ikkje ein del av AU, men er eit honorert verv.*

Leiar

- Har overordna ansvar for at det daglege arbeidet i Studentparlamentet vert utført, og koordinerer og prioriterer arbeidsoppgåvene til medlemene i AU i samråd med organisasjonsrådgjevar
- Er hovudansvarleg for at fatta vedtak blir iverksette
- Representerer Studentparlamentet utad på ein ryddig måte, og har hovudansvar for mediehandtering
- Ivaretek og vidareutviklar kontaktnettet til Studentparlamentet
- Deltok på leiingsmøte med leiinga ved HVO og SiVolda saman med nestleiar
- Leiar arbeidet med utdeling av Studentprisen
- Har hovudansvar for etablering av nytt faddervekeestyre
- Er fast representant i Studentrådet til UH-nett Vest
- Er fast studentrepresentant i Tilsetjingsutvalet for undervisnings- og forskingsstillingar (TUFO) ved HVO

Fagansvarleg

- Fylgjer opp faglege og studierelaterte saker for Studentparlamentet
- Er kontaktperson for dei tillitsvalde studentane på studieprogramma, og har ansvar for opplæring og oppfølging av dei
- Sikrar god informasjon ut til studentmassen om tillitsvaldordninga, og følgjer opp slik at det blir valt tillitsvalde på alle studieprogram
- Har hovudansvar for å arrangere allmøte for tillitsvalde 3-4 gongar i løpet av studieåret
- Har ansvar for «Tillitsvaldhandboka» og sørgjer for at den er oppdatert kvart år
- Er fast representant i Utdanningsutvalet ved HVO

Velferdsansvarleg

- Fylgjer opp saker knytt til studentvelferd for Studentparlamentet
- Samarbeider med Velferdsgruppa og SiVolda for å vidareutvikle velferdstilbodet for studentane
- Er kontaktperson for studentorganisasjonane og -festivalane ved HVO, og sikrar at dei har gode vilkår for å drive frivillig arbeid
- Sikrar god info ut til studentorganisasjonane om å søkje velferdsmidlar
- Har ansvar for «Engasjer deg»-brosjyren som blir lagt i fadderposen til nye studentar
- Er hovudansvarleg for å arrangere stand-dagar minst 1 gong i semesteret
- Bidreg til sosiale aktivitetar internt i Studentparlamentet, som jule- og sommaravslutning
- Er fast representant i Læringsmiljøutvalet (LMU) ved HVO

Informasjonsansvarleg

- Har ansvaret for Studentparlamentet sin grafiske profil
- Tek seg av utforming av profilerings- og informasjonsmateriell, både fysisk og digitalt, slik som roll-ups, pakatar, flyers, t-skjorter, digitale banner/plakatar og debilete
- Produserer digitalt innhald til våre sosiale media og held dei oppdaterte
- Lagar tidsplanar og køyrer kampanjar i sosiale media, særleg i forkant av val
- Promoterer Studentparlamentet sine aktivitetar og arrangement
- Er ressursperson for studentorganisasjonane i deira promoteringsarbeid
- Samarbeider med kontor for kommunikasjon ved HVO
- Er fast representant i Valstyret ved HVO

Internasjonalt ansvarleg

- Fylgjer opp saker som vedkjem internasjonale studentar og internasjonalisering for Studentparlamentet
- Jobbar for best mogleg inkludering av internasjonale studentar ved HVO, blant anna gjennom samarbeid med Pangaia og arrangering av Buddyweek
- Arbeider saman med internasjonalt kontor for å sikre utanlandske studentar sine rettar og trivsel ved HVO
- Har hovudansvar for Studentparlamentet sine oppgåver knytt til Norwegian Night
- Er kontaktperson til Studentenes og Akademikernes Internasjonale Hjelpesfond (SAIH), der Studentparlamentet er medlemslag, og har førsterett til å delta på SAIHs landsmøte
- Leiar arbeidet med utdeling av Prisen for internasjonalisering
- Er fast representant i Internasjonalt utval ved HVO

Nestleiar

- Vert vald av Studentparlamentet blant medlemmane i AU
- Er leiars stadfortredar ved behov
- Bidreg noko ekstra for å avlaste leiar og resten av AU
- Deltok på leiingsmøte saman med leiar
- Er første vara for leiar i Studentrådet i UH-Nett Vest
- Får ei litt større ansvarsrolle i det vervet ein har elles i AU for å utvikle det vidare

Ordstyrar

Ordstyrar leiar møta til Studentparlamentet. Ordstyrar sørgjer for ryddig saksframlegging og ein god møtekultur. Ordstyrar er nøytral, og fremjar ikkje eigne synspunkt eller tek stilling i saker. Ordstyrar legg til rette for inkluderande og trygge møter der alle får kome til ordet.